



## Møteinnkalling

**Utval:** **SOGN REGIONRÅD**

**Møtestad:** Aurland barne- og ungdomsskule

**Møtedato:** 24.04.2019

**Tid:** 09:30 - 15:45

Eventuelt forfall skal meldast til telefon 57 62 96 14 - Varamedlemmar møter etter nærmere avtale.

*I samarbeid med Aurland kommune og Ungt entreprenørskap arrangerer Sogn regionråd entreprenørskapsmesse 24. april. Programmet for messa er lagt ved. Det er sett av tid til å delta på opnings- og avslutningsarrangementet og besök på stand.*

## Dagsorden

### *Møte i Sogn regionråd, Aurland barne- og ungdomsskule*

0930-1000 Orientering om satsinga på Njøs i Leikanger - utvikling av frukt- og bærklyngja  
Stein Harald Hjeltnes, dagleg leiar Njøs Næringsutvikling

### *Entreprenørskapsmesse, Aurlandshallen*

1010-1115 Opningsarrangement og besök på stand

### *Møte i Sogn regionråd, Aurland barne- og ungdomsskule*

1115-1130 Signering av avtaler om medlemsskap i Ungt Entreprenørskap

1130-1200 Servering

1200-1350 Ordførar Noralv Distad ønskjer velkommen til Aurland  
Oppmøte  
Godkjenning av innkalling og sakliste  
Godkjenning av protokoll frå møtet 13.2.2019  
Handsaming av saker i Sogn regionråd

### *Entreprenørskapsmesse, Aurlandshallen*

1400-1430 Avslutningsarrangement og premieutdeling

### *Framhald møte i Sogn regionråd, Aurland rådhus*

1445-1515 Orientering om Masterplan og berekraftmerking av reisemålet Sogn og sykkelprosjektet Sognefjord Fjord Bike & Hike  
Ståle Brandshaug, reiselivsdirektør Visit Sognefjord

1520-1540 Presentasjon av velferdsteknologi og responssfunksjonen  
Øyvind Bang-Olsen (video)

## Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr.	Tittel
6/19	19/1261-2	<b>Utvikling av frukt- og bærklyngja på Njøs i Leikanger - omstilling</b>
7/19	17/2963-17	<b>Masterplan for reiselivssatsinga i Sogn 2020-2035 - Kvalifisering for merket bærekraftig reisemål</b>
8/19	19/1550-2	<b>Sogn som arbeidsplassregion for offentlege arbeidsplassar - søknad</b>
9/19	18/4018-3	<b>Regionaliseringsprosessen i NAV</b>
10/19	18/4623-5	<b>Arbeidsgjevarkontroll</b>
11/19	19/1596-1	<b>Årsmelding og rekneskap 2018</b>
12/19	19/447-3	<b>Orienteringssaker Sogn regionråd</b>

Sogndal, 11.4.2019

Jan Geir Solheim  
leiar

Karina Nerland  
dagleg leiar

---

Saksh.: Karina Nerland	Arkiv: V00
Arkivsak: 19/1261	

---

**Saksnr.: Utval**  
6/19 Sogn regionråd **Møtedato**  
24.04.2019

**Sak** 6/19

### **Utvikling av frukt- og bærklyngja på Njøs i Leikanger - omstilling**

#### **Tilråding:**

Sogn regionråd oppmodar kommunane om å støtta utviklinga av frukt- og bærklyngja på Njøs og bidra med finansiering til etablering av Norsk bær- og fruktsenter i samsvar med finansieringsplanen i prosjektomtalen.

#### **Vedlegg:**

Brev frå Njøs Næringsutvikling, 27.3.2019  
Norsk frukt- og bærcenter - prospekt

#### **Saksutgreiing:**

#### **Bakgrunn:**

Miljøet på Njøs i Leikanger er under omstilling. Bakrunnen for omstillinga er organiseringa av frukt- og bærforedlinga i Noreg, som styret i Graminor har vedteke å flytta til Njøs under gitte føresetnader. Det er ei stor satsing på oppbygging av infrastruktur og fagmiljø, som krev medverknad både frå sentrale og regionale aktørar. Det er søkt støtte til sju av regionrådkommunane.

Då Bioforsk la ned forskingsstasjonen på Njøs og flytta aktiviteten til Ullensvang i 2007, vart det mobilisert i regionen for å støtte oppbygging av eit nytt selskap. Graminor heldt fram med sin aktivitet på Njøs. Sogn regionråd gav omstillingsstøtte i åra 2007-2011. Njøs Næringsutvikling as driv med rådgjeving, produkt/marknadsutvikling og leier utviklingsprosjekt primært retta mot frukt og bær og andre prioriterte landbruksprodukt.

For å styrke utviklinga av norske frukt- og bærsortar, er det vedteke at frukt- og bærforedlinga i Noreg skal samlast på ein stad. Det etablerte fagmiljøet på Njøs er utpeikt som aktuell lokalisering. Dette gir ein unik moglegheit til å styrke ei viktig brikke for utvikling av frukt- og bærproduksjon på Vestlandet. Det vil krevje at det vert investert og bygd tidsmessige anlegg. Kapitalbehovet for nødvendig oppgradering av bygg og anlegg er kalkulert til kr 32 mill.

Njøs Næringsutvikling har sendt søknad til kommunane for etablering av Norsk frukt- og bærcenter. Prospektet er lagt ved.

#### **Vurdering:**

Forsøksgården på Njøs står framfor ei omstilling som vil krevje store investeringar. Krava frå sentralt hald er at regionen må stilla opp om ein skal gjennomføra samling av frukt- og

bærforedling til Njøs. Sogn regionråd har støtta tidlegare omstillingssarbeid og oppbygging av Njøs Næringsutvikling as. Miljøet har levert gode resultat.

Aktiviteten på forskingsstasjonen har ringverknader for heile regionen. Samling av frukt- og bærforedling til Njøs vil vera viktig for norsk frukt- og bærproduksjon, og vil gje regionen eit løft. Ei slik satsing vil vera ein unik moglegheit for auka innovasjon med nye produkt og prosessar og fleire arbeidsplassar. Administrasjonen tilrår at regionrådet oppmodar dei sju kommunane om å støtte etableringa av Norsk frukt- og bærsenter på Njøs i samsvar med finansieringsplanen i prosjektomtalen.

---

Saksh.: Karina Nerland	Arkiv: 223 U64
Arkivsak: 17/2963	

---

Saksnr.: Utval	Møtedato
18/17 Sogn regionråd	27.10.2017
7/19 Sogn regionråd	24.04.2019
<b>Sak</b> <b>7/19</b>	
<b>Masterplan for reiselivssatsinga i Sogn 2020-2035 - Kvalifisering for merket bærekraftig reisemål</b>	

**Tilråding:**

Sogn regionråd løyver kr 225 000 av regionale utviklingsmidlar til Visit Sognefjord til masterplan for reiselivssatsinga i Sogn i 2020-2035 og berekraftig reisemålsutvikling.

**Vedlegg:**

Søknad frå Visit Sognefjord, 1.4.2019  
Rapport frå gjennomført forstudie

**Saksutgreiing:**

**Bakgrunn:**

Sogn regionråd er prosjekteigar av masterplanarbeidet som inkluderer arbeidet med kvalifisering av merket for bærekraftig destinasjon. Visit Sognefjord er prosjektansvarleg og har formelt ansvar for framdrift og gjennomføring.

I forstudieprosessen har det vore jobba mykje med å forankre arbeidet; både for masterplan- og bærekraftdelen. Det er eit tydeleg mål for Visit Sognefjord at desse to delane vert så integrerte som mogleg, og både prosess og iverksette tiltak skal vera tufta på bærekraftstatuttane.

Som vedlagde rapport viser er forstudien gjennomført samtidig med at det er gjennomført fase 1 (A og B) for kvalifisering av berekraftig destinasjon.

Forprosjektet for masterplanen vart gjennomført i perioden oktober 2017- august 2018, med prosjektstøtte frå Innovasjon Norge, eigeninnsats og kr 75 000 frå Sogn regionråd.

Det er gjennomført verdiskapings- og ringverknadsanalyse som grunnlag for å vurdera og konkretisera viktige problemstillingar inn i strategifasen. I inngangen til hovudprosjektet vart det gjennomført ein kombinert scenario og strategisk blindsone analyse. Dette for å gjera dei rette strategiske grepa framover.

Visit Sognefjord søker Sogn regionråd om tilskot kr 225 000 til hovudprosjektet – fase 2 for masterplan Sognefjordregionen og fase 2 berekraftig reisemålsutvikling. Arbeidet er utvida og har større omfang enn tidlegare planlagt. Innovasjon Norge finansierer prosjektet med kr 880 000 og Visit Sognefjord bidreg med kr 145 000. Hovudprosjektet vart starta i september 2018 og skal ferdigstillast i 1. kvartal 2020. Finansieringsplanen framgår av søknaden.

**Vurdering:**

Sogn regionråd sin regionalplan for 2017-2020 har som ein strategi å støtte Visit Sognefjord som verktøy for reisemålsutvikling i regionen. Prosjektet for masterplan og berekraftmerking vil få fram strategisk viktige område for utvikling av reiselivsnæringa i Sognefjorden. Dette prosjektet vil styrke regionen sin attraktivitet og konkurransekraft og med det verdiskapinga på sikt. Administrasjonen tilrår at Sogn regionråd løyver kr 225 000 av regionale utviklingsmidlar for 2019 og fondsmidlar til hovudprosjektet.

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 19/1550

Arkiv: 223 U01

**Saksnr.:** Utval  
8/19 Sogn regionråd

**Møtedato**  
24.04.2019

**Sak** 8/19

### **Sogn som arbeidsplassregion for offentlege arbeidsplassar - søknad**

#### **Tilråding:**

Sogn regionråd støttar opp om arbeidet med å utvikla Sogn som arbeidsplassregion for offentlege arbeidsplassar. Sogn regionråd løyver kr 100 000 av regionale utviklingsmidlar til nye Sogndal kommune til dette arbeidet.

#### **Vedlegg:**

Søknad frå nye Sogndal kommune, 9.4.2019  
Notat frå Sogn næring

#### **Saksutgreiing:**

Nye Sogndal kommune søker Sogn regionråd og Luster kommune om midlar til arbeidet for å sikra og utvikla offentlege arbeidsplassar.

Målet til nye Sogndal kommune er å ha eit utvida fokus på vertskapsrolla for dei offentlege arbeidsplassane. I samband med endringane i offentleg forvaltning har nye Sogndal kommune initiert eit arbeid for å sikre og vidareutvikla Sogn som arbeidsplassregion. Det er utarbeidd 3 rapportar i tida 2016-2018 som er grunnlag for det vidare arbeidet.

Arbeidet det vert søkt om midlar til vart sett i gang denne vinteren etter initiativ frå fellesnemnda for nye Sogndal kommune, og blir i første omgang prosjektorganisert. Sogn næring har fått oppdraget med å følge opp vertskommunerolla.

For sogneregionen utgjer tal som arbeider i statlege og fylkeskommunale verksemder 13% av sysselsetjinga. For nye Sogndal er nær 1/3 av sysselsetjinga i statlege og fylkeskommunale verksemder.

Fylkeskommunane og Fylkesmannsembete er i samanslåingsprosessar. Statens vegvesen står i omstillings- og endringsprosessar. NAV fylkesledd er allereie fusjonert.

#### **Vurdering:**

Statleg lokaliseringsspolitikk er ein del av regionalpolitikken og eit direkte verkemiddel som regjeringa rår over for å påverka den regionale balansen. Endringar i statlege og offentlege arbeidsplassar vil ha store konsekvensar for regionen. Arbeidet med å sikra eksisterande verksemder og utvikla nye arbeidsplassar er viktig for heile regionen, og er i samsvar med delmålet i regionalplanen til regionrådet 2017-2020 om «etablering av nye og vekst i eksisterande private og offentlege verksemder i regionen».

Sogn regionråd har som strategi å bygge politisk og administrativ kunnskap og kapasitet til å drive påverknadsarbeid og strategiutvikling for offentlege arbeidsplassar. Nye Sogndal trekkjer fram at arbeidet er viktig for heile regionen og at politisk og administrativt nivå i nabokommunar og regionråd bør involverast. Representant frå rådet bør delta i styringsgruppa som skissert i prosjektplanen, i tillegg til at administrasjonen kan delta slik det framgår av søknaden.

Eitt av regionrådet sine prioriterte område i reigonalplanen er å sikra og utvikla statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar. Administrasjonen tilrår at rådet løyver kr 100 000 av utviklingsmidlar (fondsmidlar) til arbeidet med å utvikla Sogn som arbeidsplassregion for offentlege arbeidsplassar. Representantar frå rådet bør delta i arbeidet.

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 18/4018

Arkiv: U01

**Saksnr.: Utval**  
9/19 Sogn regionråd

**Møtedato**  
24.04.2019

**Sak** 9/19

## Regionaliseringsprosessen i NAV

### Tilråding:

Sogn regionråd vedtek følgjande fråsegn til NAV Vestland:

Region Sogn vart frå 1.1.2019 oppretta som ein av ni regionar i nye Vestland fylke. Etter opprettิงa av dei nye regionane har det vore stor usikkerheit knytta særleg til økonomi. Vi har fått informasjon om at regjeringa har vedteke ein ny budsjettfordelingsmodell som gjer at dei tre regionane i tidlegare Sogn og Fjordane kjem dårleg ut og at region Sogn kjem spesielt dårleg ut. Det er tildelt i overkant av 6 millionar mindre til Sogn i år enn i 2018. Dei statlege stillingane som vart flytta ut til regionane då fylket vart lagt ned, i overkant av 5 stillingar, får ikkje med seg lønsmidlar frå 2020. Desse stillingane må finansierast av eksisterande budsjett i region Sogn, altså eit budsjett som alt er redusert pga den nye budsjettfordelingsmodellen. Det blir vidare opplyst at fordi det nye fylket har funne midlar frå dei andre regionane og omfordelt dei, er Sogn i år «kun» minus i overkant av 4 millionar.

Etter det vi får opplyst legg den nye budsjettfordelingsmodellen opp til å kanalisera pengane frå dei folkefattige områda med små problem til dei store folketette områda med større problem. Det er også ulik økonomi i dei ulike regionane, slik at nokre regionar har meir pengar enn andre.

Sogn regionråd er sterkt uroa for denne omfordelinga, som vil føre til svekka tenestetilbod frå NAV og færre tilsette og kontor i distrikta. Dette vil særleg ramme Sogn.

Tidlegare NAV Sogn og Fjordane kunne vise til dei beste resultata i landet på overgang til arbeid for arbeidssøkjarar, overgang til arbeid for personar med nedsett arbeidsevne, kontakt og samarbeid med næringslivet og tett oppfølging av sjukmelde. NAV-kontora i Sogn og Fjordane kunne vise til høge resultat i landstoppen innan den balanserte målstyringa som NAV bruker.

Sogn regionråd er opptekne av omlegginga i NAV ikkje medfører tap av kompetanse og dårlegare tenester for brukarane i regionen vår. Sogn regionråd meiner konsekvensane av den nye ressursfordelinga er store for vår region, og er sterkt uroa for at dette gir dårlegare tenester for våre brukarar.

### Saksutgreiing:

#### Bakgrunn:

NAV Sogn og Fjordane vart lagt ned ved årsskiftet 2018/19 og region Sogn vart oppretta som ein av ni regionar i nye Vestland fylke. Regionkontoret vart lagt til Sogndal og ny regionleiar vart peika ut. Det har etter opprettิงa av dei nye regionane vore knytt særleg stor usikkerheit til økonomi, og saka vart drøfta i sist møte i rådmannsgruppa.

Regjeringa har vedteke ein ny budsjettfordelingsmodell som gjer at dei tre regionane i tidlegare Sogn og Fjordane kjem därleg ut og region Sogn kjem spesielt därleg ut. Etter det kommunane har fått opplyst er det tildelt i overkant av 6 millionar mindre til Sogn i år enn i 2018, og det blir skissert at dei statlege stillingane som vart flytta ut til regionane då fylket vart lagt ned, i overkant av 5 stillingar, ikkje får med seg lønsmidlar frå 2020. Desse stillingane må finansierast av eksisterande budsjett i region Sogn, altså eit budsjett som er redusert pga den nye budsjettfordelingsmodellen. Det nye fylket har funne midlar frå dei andre regionane og omfordelt dei, er Sogn i år «kun» minus i overkant av 4 millionar.

**Vurdering:**

Dette kan oppfattast som ei klar omfordeling som vil føre til ei færre tilsette og kontor ute i distrikta og særleg region Sogn. Rådmannsgruppa i Sogn regionråd vil be om at NAV-direktøren i deira neste møte forklarer den nye budsjettfordelingsmodellen og får lagt fram konsekvensane for Sogn. Det kom innspel om at rådet bør formidla at dei er uroa for ressurssituasjonen og konsekvensane for tenestene.

---

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 18/4623

Arkiv: 026

---

**Saksnr.:** Utval  
10/19 Sogn regionråd

**Møtedato**  
24.04.2019

**Sak** 10/19

**Arbeidsgjevarkontroll**

**Tilråding:**

Saka blir lagt fram utan tilråding.

**Vedlegg:**

Arbeidsgjevarkontrollen i indre Sogn - brev frå Skatteetaten 22.5.2018

**Saksutgreiing:**

Skatt vest har i dialog med Sogn regionråd rådd til at kommunane styrkar ordninga med arbeidsgjevarkontroll for kommunane i Sogn, jf orientering i regionrådsmøte 3.5.2018. Det vert vist til vedlagde brev frå Skatteetaten av 22.5.2018. Saka har vore drøfta både i regionrådet og i rådmannsgruppa. På bakgrunn av desse drøftingane vart Lærdal kommune peika på som aktuell vertskommune for ei ny og utvida ordning.

Det er utarbeidd forslag til løysing som er sendt til kommunane for handsaming. Forslaget inneber at Lærdal kommune tek på seg vertskommuneansvaret for eit interkommunalt samarbeid innan arbeidsgjevarkontroll. Ordninga er lagt opp til å vera vidareføring og ei utviding av den ordninga Årdal no er vertskommune for. Lærdal har eit samordna skatteoppkrevjarkontor med tre deltagande kommunar, og viser til at dei siste utlysingane har gitt god tilgang på kvalifiserte søkerarar. Ei utvida arbeidsgjevarkontrollordning til Lærdal vil gje gevinstar knytt til både betre utveljing av kontrollobjekt og høgare proveny som følgje av dette.

Saka blir handsama politisk i kommunane. To av kommunane (Høyanger og Luster) har sagt opp avtalen med Årdal kommune. Årdal kommunestyre ber i sitt vedtak om at ordførarane i Sogn regionråd drøftar plasseringa av arbeidsgjevakontrollen.

---

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 19/1596

Arkiv: 210 &14

**Saksnr.: Utval**  
11/19 Sogn regionråd

**Møtedato**  
24.04.2019

**Sak** 11/19

### Årsmelding og rekneskap 2018

#### Tilråding:

Sogn regionråd vedtek årsmelding og rekneskap for 2018.

**Vedlegg:**  
Årsmelding og rekneskap 2018

#### Saksutgreiing:

Årsmelding og rekneskap for 2018 er lagt ved.

Rekneskapen for Sogn regionråd er revidert som ein del av rekneskapen for Sogndal kommune.

---

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 19/447

Arkiv: 062

Saksnr.:	Utval	Møtedato
5/19	Sogn regionråd	13.02.2019
12/19	Sogn regionråd	24.04.2019

**Sak** 12/19

### Orienteringssaker Sogn regionråd

#### Orienteringar og drøftingar

1. Leiar
2. Innspel frå medlemane
3. Arbeidsgruppene
4. Rådmannsgruppa
5. Administrasjonen
  - Integrering av innvandrarar: Sogn for alle – innvandrarar som ressurs i lokalt samfunns- og næringsliv.
  - Bustadutvikling
  - Samarbeid om kommunepsykologar
  - Psykisk helse
  - Veteranarbeidet
  - Klimatilpassing som miljøteknologisatsing
  - Inkluderingskonferansen 2019
  - Fornyings- og innovasjon i offentleg sektor - prosess
6. Orientering om satsinga på Njøs i Leikanger - utvikling av frukt- og bærklyngja ved Stein Harald Hjeltnes, dagleg leiar Njøs Næringsutvikling
7. Signering av avtaler om medlemsskap i Ungt Entreprenørskap
8. Orientering om Masterplan og berekraftmerking av reisemålet Sogn og sykkelprosjektet Sognefjord Fjord Bike & Hike ved Ståle Brandshaug, reiselivsdirektør Visit Sognefjord
9. Presentasjon av velferdsteknologi og responssfunksjonen ved Øyvind Bang-Olufsen (video)

#### Skriv og meldingar

1. Norges Høgfjellskule er velkommen til Sogn, 5.3.2019
2. Opplæringstilbodet 2019-2020 innspel til fylkeskommunen, 26.3.2019